

**Fra:** Ruth Ørnholst (Ruth.Ornholt@hfk.no)

**Sendt:** 08.08.2017 11:54:38

**Til:** Bibliotekleiarane i Hordaland

**Kopi:**

**Emne:** Utlysing av Erasmus+-midlar. Internet Librarian International

**Vedlegg:** image001.png

Til bibliotekleiarane

Vi informerte i e-post 28.april i år, om at Hordaland fylkesbiblioteket har fått støtte frå Erasmus+-programmet til reiser i Europa for bibliotektilsette, og lyste ut stipend til å reise til IFLA-konferansen i Polen 19.-25.august. Det var tre søkerar, som alle fekk stipend.

I denne omgang lyser vi ut støtte til å reise på *The Library Innovation Conference. Internet Librarian International*, som blir arrangert i London 17.-18.oktober. Sjå: <http://www.internet-librarian.com/2017/default.aspx> .

Ein må vere på plass i London 16.oktober. Det er mogleg å reise frå London etter konferansen 18.oktober, men stipendet dekkjer totalt 4 dagar (to reisedagar og to dagar på konferanse).

I tillegg til deltakaravgift, får ein dekt utgifter etter følgjande satsar:

Reise opp til 820 Euro

Opphold (hotell og diett): 160 Euro per dag.

Fylkesbiblioteket skal delta på konferansen med spesialrådgjevar Terje Haugsgjerd. Han vil stå for påmelding på konferansen, og organisere felles reise og hotell, dersom det er interesse for det.

Skriv ein enkel søknad til [fylkesbiblioteket@hfk.no](mailto:fylkesbiblioteket@hfk.no) med namn, kontaktinformasjon og kort om korleis du skal nytte auka kompetanse i arbeid mot brukargruppa eldre og innvandrarar.

Spørsmål kan rettast til underteikna.

**Søknadsfrist: 8.september**

Venleg helsing

**Ruth Ørnholst**

Fylkesbiblioteksjef

Kultur- og idrettsavdelinga| fylkesbiblioteket



[www.hordaland.no/fylkesbiblioteket](http://www.hordaland.no/fylkesbiblioteket)